



Saksframlegg

Saksnr: 2022/128-10
Saksbehandlar Einar Kåre Ulla
:

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|----------------------------------|-------------|------------|
| Vaksdal kommune, Kontrollutvalet | 23/22 | 18.05.2022 |

Årsrekneskap og årsmelding 2021 for Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF i 2021 hadde eit negativt netto driftsresultat på kr. 37 102, som svarar til -0,77 % av inntektene
2. Videre registrerer kontrollutvalet at disposisjonsfondet er på 29,1 %, godt over tilrådinga til Riksrevisjonen.
3. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF for året 2021, og har ikkje øvrige merknader til denne.
4. Uttalen vert sendt til kommunestyret via formannskapet.

Saksprotokoll 18.05.2022 - Vaksdal kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Dagleg leiar, økonomisjef i kommunen og revisor orienterte om rekneskapen. Utvalet sine medlemmer fekk svar på spørsmål, og vedtok uttalen slik den låg føre.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteken.

Uttale:

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF i 2021 hadde eit negativt netto driftsresultat på kr. 37 102, som svarar til -0,77 % av inntektene
2. Videre registrerer kontrollutvalet at disposisjonsfondet er på 29,1 %, godt over tilrådinga til Riksrevisjonen.
3. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF for året 2021, og har ikkje øvrige merknader til denne.
4. Uttalen vert sendt til kommunestyret via formannskapet.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen for 2021 for Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Einar Kåre Ulla
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1. Årsregnskap 2021 - signert.pdf
2. Årsmelding 2021- signert.pdf
3. Signert revisjonsberetning AO senteret 2021.pdf
4. Møteprotokoll årsmøte.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Vaksdal kommune skal i møte 18.05.2022, behandle utvalet sin uttale til Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF sin årsrekneskap og årsmelding for 2021.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor er invitert til møtet for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresetnader. jf. kommunelova §§ 14- 6 b)

Det er så formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i saka om rekneskapen. Årsrekneskapen for Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF er å sjå på som ein del av årsrekneskapen for Vaksdal kommune. Rekneskapen for Vaksdal kommunale Arbeids- og

opplæringscenter KF bør derfor behandlast før kommunerekneskapen blir behandla, men gjerne i same møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Grunnlaget for uttalen er dokument og behandlingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap, mottatt 04.05.2022, vedlegg 1
- Årsmelding, mottatt 04.05.2022, vedlegg 2
- Revisjonsmelding, datert 26.04.2022, vedlegg 3

Revisjonsmeldinga frå Deloitte:

Kommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, der det er teke med at rekneskapen viser eit negativt driftsresultat på kr. 37 102.

Vurdering av rekneskapen og årsmeldinga

Av rekneskapen for 2021 har sekretariatet merka seg sum driftsinntekter på kr. 4 814 595 og negativt netto driftsresultat på kr. 37 102. Det gjev eit driftsresultat på -0,77 % (Satt opp mot sum driftsinntekter). Heile kommunesektoren hadde i følgje opplysningar frå SSB til samanlikning netto resultatgrad på 4,3 prosent i 2021. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. For Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF var netto resultatgrad i 2017 (10,26 %), 2018 (5,42 %), 2019 (- 0,52 %), 2020 (3,89 %) og i 2021 (-0,77 %). Sjølv om slik resultatgrad gjeld kommunen samla sett, skadar det ikkje å skue til korleis situasjonen tilsvarande er for Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF. Vi ser av dette at Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF i 2021 ligg under både resultatet i heile kommunesektoren og tilrådinga til TBU.

Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad føretaket sin handlefridom og evne til å tole svingingar i økonomien.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen rår til at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF har i dag ikkje langsiktig lånegjeld.

Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming når det gjeld disposisjonsfond kjem ein fram til at Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF har disposisjonsfond tilsvarande 29,1 % av sum driftsinntekter, altså godt over tilrådingane frå Riksrevisjonen. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter har på bakgrunn av dette eit tilfredsstillande disposisjonsfond for 2021 sett opp mot Riksrevisjonen si tilråding.

Det blir tilrådd at kontrollutvalet fokuserer på driftsresultatet og disposisjonsfondet i sin uttale.

Sekretariatet merka seg mellom anna følgjande frå styret si årsmelding når det gjeld målsetjing for bedrifta:

- Effektiv kostnadsstyring og budsjettbalanse
- Fokus på miljøarbeid og kvalitetspolitikk

- Opprettholde fokus på den enkelte arbeidstakar slik at det oplevast aksept, meistring, utvikling og inkludering.

Sekretariatet har utover dette merka seg følgjande frå møteprotokollen etter årsmøtet i AO senteret 19.04.2022:

Pkt. 2. Dagleg leiar informerer

Søknad om ny driftsavtale som tiltaksarrangør er i gang, med utvidet frist. Det skulle vært inne før årsskiftet, men vi har fått forhandlet fram en ny frist 27.04.2022. NAV signerer avtaler for 4 år om gangen, og tiltaksarrangørene forplikter seg til kravspesifikasjonen, databehandlingsavtale og de kravene som gjelder til enhver tid. Her er det mange ting som må på plass for å imøtekomme kravene i avtalen. Kvalitetssikringssystem (Equass) har ikke vært aktivt siden 2018, så det må på plass en resertifisering. Det vurderes om Vaksdal kommunes eget kvalitetssikringssystem kan være overførbart til AO senterets sin drift. Daglig leder har avtalt møte med ledelsen i kommuneadministrasjonen for å se på hvordan dette skal kunne gjennomføres for å rekke fristen for fornyelse av kontrakten

Kontrollutvalet har som oppgave å gje uttale til Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringscenter sin årsrekneskap og årsmelding. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå styret og revisjonsmelding frå Deloitte. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Konklusjon

Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF har i 2021 negativt driftsresultat på kr. 37 102. Disposisjonsfondet til opplæringscenteret er i tråd med tilrådingane frå Riksrevisjonen.

Det blir derfor rådd til at kontrollutvalet denne gangen omtaler følgjande i uttalen om Vaksdal kommunale Arbeids- og opplæringscenter KF sin årsregnskap for 2021:

- Negativt netto driftsresultat på kr. 37 102, som svarar til -0,77 % av driftsinntektene
- Disposisjonsfond på 29,1 %

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som skal følgje saka vidare via formannskapet til kommunestyret.